

***Kvifor ikkje berre bruke engelsk? Ei
haldningsundersøking blant økonomistudentar***

Trude Bukve

Institutt for lingvistik, litteratur og estetiske fag



UNIVERSITETET I BERGEN

Kort om masteroppgåva..

- *Ei undersøking av finansterminologi i undervisning og formidling*
- **Domenetap:** (...) domenetap blir nytta om prosessen der eit språk gradvis trengjer eit anna til sides innan eit domene, og resultatet der eit språk er gått ut av bruk på eit domene. (...) Domenetap er ein svakare variant av språkdød, at eit språk døyr ut (St.meld. nr. 35)
- **Parallelspråkleg kompetanse**

Haldningar som undersøkjingsobjekt

Haldningar: *"(...) å ta stilling til noe - en prosess som dannes etter hvert som vi trekker slutninger om ulike foreteelsers egenskaper og deres betydning for vår tilpasning til omverdenen"* (Egidius 1996: 203)

- Ustabil og tillært - kan lett endrast etter kontekst

Haldningar hjå nokre forskarar og forelesarar

- *“It simply does not work for a top business school to pretend that foreign competition should not affect the school’s curriculum and the language in which it is taught”* (NHH-forelesar i blogginnlegg, 2011).
- *”Det engelske fagspråket [er] ofte meir presist og kjent, og difor [finst] det ikkje nødvendigvis fullgode erstatningar på norsk”* (K7 Bulletin, 07.03.2010).
- *”Å pålegge norske forskere å bruke norsk som forskingsspråk ut fra tradisjon og nasjonale hensyn er som å kreve at norske skiløpere skal bruke treski. Vi vinner neppe OL- eller VM-gull på den måten”* (Ystenes 2004).
- *”Vi er en internasjonal elite, og vi må ha vår latin for å kunne snakke sammen”* (Ibid.).

Spørjeundersøking om bruk av engelsk i undervisninga

Om undersøkinga

- 117 svar
- 50-50 menn og kvinner
- 50-50 frå UiB og NHH
- Delt ut under forelesingar
- **Bakgrunnsvariablar:**
 - Kjønn
 - Utdanningsinstitusjon
 - Utdanningsløp

Denne undersøkinga er ein del av datainnsamlinga til eit masterprosjekt som omhandlar norsk terminologi og fagspråk.

Dersom du har spørsmål om eller kommentarar til undersøkinga, kan du kontakta Trude Bukve på telefon 944 89 776 eller e-post trude.bukve@student.uib.no.

Syn på bruk av engelske termar i undervisninga

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 er heilt einig og 1 er heilt ueinig.


1. «Det blir brukt for mange engelske termar i undervisninga.»	Heilt einig					Heilt ueinig	Veit ikkje
	5	4	3	2	1		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2. «Dei norske termene som blir brukte i undervisninga er gode.»	Heilt einig					Heilt ueinig	Veit ikkje
	5	4	3	2	1		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
3. «Det er viktig at ein utviklar norske termar.»	Heilt einig					Heilt ueinig	Veit ikkje
	5	4	3	2	1		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Syn på læringseffekten av engelsk i undervisninga


4. Kva undervisningsspråk gir best læringseffekt?
- Norsk
 - Engelsk
 - Ingen forskjell
 - Veit ikkje

Syn på bruk av engelske termar i undervisninga

”Det blir brukt for mange engelske termar i undervisninga”



"Dei norske termene som blir nytta i undervisninga er gode"



1- Heilt ueinig


2 - Nokså ueinig

3 - Verken einig eller ueinig

4 - Nokså einig

5 - Heilt einig

"Det er viktig at ein utviklar norske termar"



1 - Heilt ueinig

2 - Nokså ueinig


3 - Verken einig eller ueinig

4 - Nokså einig

5 - Heilt einig


Læringseffekt

"Kva undervisningsspråk gir best læringseffekt?"



Synes det vanskeligjør å lese pensum på engelsk. Får ikke tak i innholdet på samme måte. Vi er i Norge og da synes jeg at pensum skulle være kun på norsk (Student)

*”Dei engelske termene er
meir presise enn dei
norske”*



1 - Heilt ueinig


2 - Nokså ueinig

3 - Verken einig eller ueinig

4 - Nokså einig

5 - Heilt einig

”Det er akkurat det same kva språk ein brukar dersom ein forstår kva som er meininga”



1 - Heilt ueinig


2 - Nokså ueinig

3 - Verken einig eller ueinig

4 - Nokså einig

5 - Heilt einig

”Eit norsk fagspråk gjer det lettare å formidle økonomifag til dei som ikkje har utdanning innan økonomi (’folk flest’)”



1 - Heilt ueinig

2 - Nokså ueinig

3 - Verken einig eller ueinig


4 - Nokså einig

5 - Heilt einig

Kva termar likar studentane?

- Eit klart fleirtal tykkjer *hedgefond* er ei god omsetting av *hedge fund* (om lag 65 %)
- Færre tykkjer at *kredittskvis* er ei god omsetting av *credit crunch* (om lag 45 %)

Skilnad mellom kvinner og menn



Skilnad mellom kvinner og menn

Signifikante forskjellar: Kvinner er i større grad enige i...


«Det blir brukt for mange engelske termar i undervisinga»

«Dei norske termene som blir brukte i undervisinga er gode»

«Det er viktig at ein utviklar norske termar»

«Når undervisinga blir gitt på norsk, bør termene også vera norske.»

Skilnader mellom studentar på ulike utdanningstrinn



Nokre kommentarar frå studentane:

- *Eg synest norske termar er viktige for å kunne forstå innhaldet betre, men og for bruk i Noreg. Engelske termar kan evt. Brukast i undervisning i tillegg for å bli fortruleg med tanke på arbeid internasjonalt.*
- *Ofte er engelske termer mer dekkende (og praktiske å kjenne til i internasjonal sammenheng), men jeg føler det er viktig å utvikle norske termer i tillegg.*
- *Gjerne mer engelsk, men da må forelesere ha bra kunnskap.*
- *Engelsk terminologi er bedre & bruke. Mer presist!*

- (...) *det at ein gjerne går ut frå at alle har det same nivået i engelsk og at "det går jo så greitt med dei engelske orda". Ofte er det meir problematisk enn det at ein nyttar engelsk/framanspråklege ord i seg sjølv. Dette kan og føre til at mange ikkje er i stand til å snakke om sitt eige fagområde på eitt eige språk, noko eg vil seie er svært negativt.*
- *Engelsk og bokmål er best, drit i nynorsken!*

Kva haldningar dominerer blant studentane?

- Utviklinga av norsk fagspråk og terminologi er viktig, både med tanke på læringseffekt og formidling til ålmenta
- Ein konklusjon: norske termar er gode og bør utviklast, men engelske termar er meir 'presise' og favorittermen er *hedgefond*

Kvifor er det viktig å utvikla norsk fagspråk?

- Læringseffekt (Guldbrandsen m.fl. 2002, Hertzberg 1996).
- Kommunikasjon til ikkje-spesialistar
- Parallelspråkleg kompetanse

Kan haldningsundersøkingar tilføra noko til debatten om domenetap?

Domenetapsdebatten tek fokuset bort frå språkbrukaren. Studentane skal jo sjølve ut i arbeidslivet ein dag, og haldningane ein blir sosialiserte inn i gjennom studietida kan følgja ved inn i jobben.

Om norsk skal vera eit **samfunnsberande språk**, også i framtida, lyt språkbrukarane overtydast om fordeler med eit norsk fagspråk. Forskarar lyt overtydast om verdien av å vera ein god formidlar, også utanfor sin eigen fagkrets. Legg vekt på **kvalitet** når ein syner til viktigheita av å styrkje det norske fagspråket.

Om ein er trygg på sitt eige språk vil det verta lettare for studentane å setja seg inn i eit engelsk fagspråk.

Er redsla for engelsk overdriven?

- Store verksemdar har både makt og status, og på denne måten kan smitteeffekten til andre samfunnsområde vera stor.
- Det er **ikkje negativt å gjere seg bruk av eit engelsk fagspråk**. Negative konsekvensar får ein derimot om ein ikkje samtidig jobbar med å **halde i hevd det norske** fagspråket. Dette gjeld undervisninga, men er også svært relevant når det kjem til ein eventuell symbolfunksjon ved å føretrekka engelsk over norsk i ein forskingssituasjon.